



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

# Sluttrapport frå forvaltningskontroll i Tysvær kommune (inkludert kontroll av kommunane Bokn og Haugesund)

6. mai 2015

---

Tema: Ordningane «Produksjonstilskot i jordbruket» og «Tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv.»

---

Vår referanse 2014/10790

## Innhald

<b>1. Samandrag .....</b>	3
<b>2. Innleiing .....</b>	4
<b>3. Bakgrunn for kontrollen .....</b>	4
<b>4. Heimel for kontrollen .....</b>	4
<b>5. Opplysningar om gjennomført kontroll.....</b>	5
5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen .....	5
5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang .....	6
5.3. Tema for forvaltningskontrollen .....	6
<b>6. Funn .....</b>	7
6.1. Definisjonar .....	7
6.2. Tema 1 – Tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. ....	7
6.3. Tema 2 – Produksjonstilskot .....	8
6.3.1     Rutinar for behandling av innkomne søknader og retting av feil i søknadsdata .....	8
6.3.2     Driftsfelsskap .....	10
6.3.3     Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot - avkorting .....	11
6.3.3     Risikovurderinger ved utplukk til stadleg kontroll.....	12
6.3.4     Spreieareal.....	12
6.3.5     Tilskot til dyr på beite .....	14
<b>7. Oppfølging etter kontrollen .....</b>	15
<b>8. Vedlegg .....</b>	16

## 1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Tysvær kommune 06.05.2015. Kontrollen omfatta kommunane Tysvær, Bokn og Haugesund då desse tre kommunane har felles landbruksforvaltning. Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si forvaltning av ordningane med produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløsing ved sjukdom mv.

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og merknader:

### Avvik

#### Produksjonstilskot

- **Avvik 1:** Kommunen har i nokre tilfelle endra/retta i søknader utan å føre opp oppårsaka til endringa i verken merknadsfeltet eller kommentarfeltet i WESPA.
- **Avvik 2:** Kommunen har ikkje vurdert avkorting i saker der kommunen har redusert dyretal eller areal etter kontroll.
- **Avvik 3:** Kommunen har berre brukt standard trekk for føretak som ikkje har nok spreieareal, i slike tilfelle skal det og vurderast avkorting etter reglane for feilopplysning.

### Merknader

#### Tilskot til avløsing ved sjukdom mv

- **Merknad 1:** Kommunen har ikkje rutine for å informere søkerarar som har næringsinntekt under  $\frac{1}{2}$  G om at dei kan søkje dispensasjon.

#### Produksjonstilskot

- **Merknad 2:** Kommunen har ikkje følgt opp varsle meldingane om «vanleg jordbruksproduksjon» med å vurdere drifta i dei aktuelle føretaka.
- **Merknad 3:** Kommunen har ikkje utarbeidd skriftlege risikovurderingar for utplukk til stadleg kontroll for kvar søknadsomgang.
- **Merknad 4:** Kommunen bør krevje skriftlege avtaler for spreieareal i dei tilfella der føretaka ikkje disponerer nok areal ut frå dyretalet.
- **Merknad 5:** Kommunen har i nokre tilfelle ikkje gjort ei grundig nok vurdering når dei har godkjent mjølkekryr i full laktasjon på utmarksbeite.
- **Merknad 6:** Kommunen har ikkje vurdert om tal dyr på beite er realistisk ut frå tilgjengeleg beiteareal.
- **Merknad 7:** Kommunen har ikkje vurdert om dyra har vore lenge nok på beite til å tilfredsstille kravet om beitetid og bør be om å få sjå beitejournal ved kontrollar.

I rapporten står det om gjennomføring av sjølve kontrollen og nærmere omtale av avvik og merknader.

## **2. Innleiing**

Vi viser til varsel om kontroll datert 06.11.2014. Det var først planlagt å gjennomføre kontrollen 17.12.2014, men på grunn av sjukdom måtte kontrollen utsetjast. Kontrollen blei gjennomført 06.05.2015. Tema for kontrollen var kommunen si forvaltning av ordningane med produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløysing ved sjukdom mv. Førebels rapport blei sendt ut pr. e-post 10.07.2015. Kommunen kom med kommentarar til førebels rapport i e-post 10.08.2015.

## **3. Bakgrunn for kontrollen**

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk. FM sin kontroll i Tysvær kommune omfatta kontroll av saksbehandlinga i dei tre kommunane Tysvær, Bokn og Haugesund.

Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunane si forvaltning av ordningane med produksjonstilskot i jordbruket (PT) og tilskot til avløysing ved sjukdom mv.

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

## **4. Heimel for kontrollen**

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

*"Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.*

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 22.03.2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket (til 31.13.2014)
- Forskrift 19.12.2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket (frå 01.101.2015)
- Forskrift 08.11.2006 nr. 1227 om tilskot til avløysing (til 31.12.2014)
- Forskrift 19.12.2014 nr. 1821 om tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. (frå 01.01.2015)
- Forskrift 04.07.2003 nr. 951 om gjødselvarer mm. av organisk opphav

- Teknisk jordbruksavtale 2012-2013, Jordbruksavtalen 2013-2014 og Teknisk jordbruksavtale 2014-2015
- Rundskriv 28/13 frå SLF – «Kommentarer til reglene om produksjonstilskudd i jordbruket og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid – søknadsomgangene 20. august 2013 og 20. januar 2014»
- Rundskriv 13/1-2 frå SLF – «Produksjonstilskudd i jordbruket og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid – saksbehandlingsrutiner ved søknadsomgangene 20. august 2013 og 20. januar 2014»
- Rundskriv 15/2014 frå Ldir. – «Kommentarer til reglene om produksjonstilskudd i jordbruket og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid - søknadsomgangen 20. august 2014»
- Rundskriv nr 16/2014 frå Ldir. – «Produksjonstilskudd i jordbruket - saksbehandlingsrutiner ved søknadsomgangen 20. august 2014»
- Rundskriv 8/2012 frå SLF – «Retningslinjer for saksbehandling ved feil utbetalt tilskudd eller erstatning»
- Rundskriv nr 2014-29 frå Ldir. – «Kommentarer til reglene om produksjonstilskudd og avløsingstilskudd i jordbruket - revidert utgave»
- Rundskriv nr 2014-30 frå Ldir. – «Saksbehandlingsrutiner ved søknad om produksjonstilskudd og avløsingstilskudd i jordbruket 20. januar 2015 - revidert utgave»
- Rundskriv 2014-10 frå SLF – «Retningslinjer for behandling av søknader om tilskudd til avløsning ved sykdom mv.»
- Rundskriv 2015-07 frå Ldir. – «Kommentarer til regler i forskrift om tilskot til avløsing ved sjukdom og fødsel mv. samt retningslinjer for beregning av tilskudd»

## 5. Opplysningar om gjennomført kontroll

### 5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

Dato for kontroll: 06.05.2015	Journalnummer: 2014/10790
Dato for førre kontroll: 04.11.2010	Journalnummer: 2010/9133

Kontrollert verksemد

Kommune: Tysvær , inkl. saksbehandlinga for kommunane Bokn og Haugesund	E-post: post@tysver.kommune.no
Besøksadresse: Postboks 94, 5575 Aksdal	Telefon: 52 75 70 00

### Til stades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Bjørn Bruaset	Teknisk sjef	x	x <sup>1</sup>	x
Bjørg Tone Vikshåland	Seksjonsleiar	x	X <sup>2</sup>	x
Anne Berit Hauge	Fagansvarleg landbruk	x	x	X
Bente Helen Bergstøl Norvalls	Landbruksrådgjevar	x	x	x

<sup>1</sup> Var med på nesten heile intervjuet

<sup>2</sup> Var med på store deler av intervjuet

## Til stades frå FM

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Sissel C. Endresen	kontrolleiar og referent	x	x	x
Geir Skadberg	ass. landbruksdirektør	x	x	x
Else Fredheim Hodne	medkontrollør	x	x	x
Maja Stanojevic	medkontrollør	x	x	x

## 5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der ass. landbruksdirektør Geir Skadberg informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema. Else F. Hodne var ansvarleg for intervju og kontroll for ordninga «Produksjonstilskot i jordbruket» og Maja Stanojevic var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga «Tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv.» Sissel C. Endresen var kontrolleiar og referent. Intervjuet blei supplert med spørsmål knytt til søknader frå føretak. Funn blei gjennomgått på sluttmøte.

## 5.3. Tema for forvaltningskontrollen

Tabellen under viser kva tema som blei gjennomgått under kontrollen.

Nr.	Tema	Ønskjer svar på
1	Tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. - sakabehandlingsrutinar	Kva rutinar har kommunar for å sikre at søknader om tilskot til avløysing ved sjukdom mv. blir behandla i tråd med gjeldande regelverk?
2	Produksjonstilskot (PT) – saksbehandlingsrutinar generelt	Kva rutinar har kommunen for å gå gjennom innkomne søknader? Kva rutinar har kommunen for å rette søknader der det er feil i søknadsdata?
	PT – Driftsfellesskap	Kva rutinar har kommunen for å vurdere om det er driftsfellesskap mellom fleire søkerar?
	PT – Avkorting	Korleis følgjer kommunen opp regelverket om avkorting?
	PT – Risikovurderingar	Kva rutinar har kommunen for å plukke ut føretak til stadleg kontroll?
	PT – Spreieareal	Kva rutinar har kommunen for å kontrollere at føretak har nok spreieareal?
	PT – Tilskot til dyr på beite	Kva rutinar har kommunen for å godkjenne dyr på innmarksbeite og dyr på utmarksbeite?

## 6. Funn

I dette kapitelet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema. Eventuelle avvik og merknader som blei avdekket vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

### 6.1. Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er nødvendig å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

### 6.2. Tema 1 – Tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv.

#### Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om tilskot til avløysing ved sjukdom mv. jf. § 9 forskrift for tilskot til avløysing. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader. Gjeldande rundskriv frå SLF/Landbruksdirektoratet for aktuelle søknadsperiodar gir retningslinjer for behandling av søknader om tilskot til avløysing ved sjukdom mv.

Det er eit krav om næringsinntekt frå føretaket for å ha rett på tilskot jf. forskrifta § 6 og rundskriv 2014-10 der det står at «*Det kreves næringsinntekt jordbruk/gartneri fra foretaket for å være berettiget til skatt til avløsning ved sykdom mv. Næringsinntekts størrelse er knyttet opp mot grunnbeløpet (G) i folketrygden, og må være minst ½ G.*»

#### Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har nettopp skifta saksbehandlar for denne ordninga. Ny saksbehandlar var ikkje til stades under kontrollen. Svara frå kommunen er i stor grad basert på den skriftlege rutinebeskrivinga som kommunen har.

Dokumentsenteret tar imot søknadene. Søknadene blir stempla og skanna inn i kommunen sitt saksbehandlingssystem. Original søknad blir levert til landbruksforvaltninga i kommunen for vidare behandling. Kommunen kontaktar skatteetaten og ber om næringsoppgåve for å få opplysningar om næringsinntekt. Dei ber ikkje søkeren om å skaffe dokumentasjon på dette. Kommunen kunne ikkje gjere greie for kva dei gjer dersom søkeren ikkje har næringsinntekt > ½ G.

Kommunen kontaktar avløysarlaget for få inn dokumentasjon på lønnsutgifter til avløysar dersom avløysinga har vore gjennom avløysarlaget. Kommunen sjekkar med NAV for å få informasjon om sjukepengar.

Fylkesmannen gjekk gjennom søknader som kommunen har behandla i 2012, 2013 og 2014. Av desse blei 10 søknader plukka ut for å sjekke om krav til dokumentasjon er oppfylt. Krav til dokumentasjon var oppfylt i alle dei 10 sakene som FM sjekka.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Det var vanskeleg å gjennomføre ein grundig kontroll når saksbehandlaren for ordninga ikkje var til stades. Kontrollen blei difor basert på kommunen sin skriftlege rutinebeskriving for ordninga i tillegg til gjennomgang av saker.

Kommunen sin behandling av søknadene er grundig, nødvendig dokumentasjon blir henta inn. Søkjrarar som ikkje oppfyller kravet om næringsinntekt over  $\frac{1}{2}$  G bør få informasjon om at det er mogleg å søkje om dispensasjon. Kommunen kunne ikkje gjere greie for om dei hadde rutine for å informere om dette.

#### **Merknad:**

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 1: Kommunen har ikkje rutine for å informere søkerarar som har næringsinntekt under  $\frac{1}{2}$  G om at dei kan søkje dispensasjon.

## **6.3. Tema 2 – Produksjonstilskot**

### **6.3.1 Rutinar for behandling av innkomne søknader og retting av feil i søknadsdata**

#### **Om regelverket**

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege saksbehandlingsrutinar for innkomne søknader. Ulike rundskriv frå SLF gir retningslinjer for korleis kommunen skal behandle søknadene for dei ulike tilskotsordningane. Det såkalla «saksbehandlingsrundskrivet» som er gjeldande for dei ulike søknadsomgangane omtalar saksbehandlingsrutinane, jf. rundskriv 2014-30 som er gjeldande for søknadsomgangen 20. januar 2015.

#### **Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon**

Kommunen har ei skriftleg rutinebeskriving for mottak og behandling av søknader om produksjonstilskot. Av rutinane går det fram at papirsøknadene blir stempla med dato for å kunne dokumentere søknadsdata. Sjekkar at søknadene er korrekt utfylt, og tar kontakt med søker dersom det er mistanke om feil. Kommunen opplyste at endringar i søknadsdata berre blir gjort etter saksbehandlar har vore kontakt med søker. Ferdig behandla søknader blir lagra i kommunen sitt datasystem.

Under saksbehandlinga sjekkar kommunen søknadsdata opp mot søkeradstal for året før. Kommunen kjenner landbruksføretaka godt og tar kontakt dersom det er store endringar. Kommunen tar kontakt dersom søker har gløymt å føre på dyretal. Kommunen ber om å få tilsendt dokumentasjon i dei tilfelle der søker ber om endring av tal slakta dyr og i dei tilfella der søker startar opp med sal av grovfôr. Kommunen opplyste at dei nyttar merknadsfeltet når det blir gjort endringar i søkeraden.

Fylkesmannen la fram ei liste med namn på 12 føretak der det var avvik mellom det søker har ført opp og det kommunen har ført opp og godkjent. Av desse blei det stilt nærmere spørsmål om 3 søkerader (nr. 6, 8 og 10 på lista). I desse tre tilfella hadde kommunen endra dyretal eller areal utan at det var ført opp merknader eller brukta kommentarfeltet om kvifor det var endra. Når det gjaldt søkerad nr. 6 meinte kommunen at det mest sannsynleg var kommunen som hadde ført opp feil dyretal ved kontrollen, det skulle vore 18, men skreiv 8. Kommunen må sjekke denne, og dersom det er feilføring må kommunen vurdere om det er grunnlag for manuell utbetaling.

Kommunen opplyste at dei skriv ut feillistene og merkar av i lista dersom det blir gjort endringar. Varselmeldingane frå input-kontrollane blir kontrollerte.

Fylkesmannen la fram feilliste over stoppa søkerader frå søkeradsgangane pr. 31.07.2014 og 01.01.2015, totalt 16 søkerader. Av desse spurte FM meir inngåande om søkerad nr. 6, 14, 15 og 16. Når det gjeld varselmeldinga om «vanlig jordbruksproduksjon» så opplyste kommunen at dei ikkje har gjort konkrete vurderingar. Når det gjeld søkerad nr. 12 så har kommunen endra areal utan å føre opp noko i merknadsfeltet. For dei andre søkeradene der kommunen har endra dyretal eller areal er dette registrert med bruk av merknad.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen har ei god og ryddig rutinebeskriving for korleis søkeradene om PT skal behastast i kommunen. I all hovudsak ser det ut for at kommunen har ei grundig behandling av søkeradene.

Kommunen har god rutine for å nytte merknadsfeltet eller kommentarfeltet i WESPA når det blir gjort endringar i areal eller dyretal. Men FM fann likevel at kommunen ikkje har vore heilt konsekvente med å nytte merknadsfeltet eller kommentarfeltet i alle saker der det var gjort endringar i dyretal eller areal. I alt la FM fram 4 saker der korkje merknadsfeltet eller kommentarfeltet var nytta for å forklare endringar som var gjort. I rundskriv 2014-30 pkt. 5.1.9 står det mellom anna at «*Kommentarfeltet i WESPA skal alltid brukes til å forklare hvorfor rettinger er gjort.*» Det er viktig at kommunen følgjer dette opp slik at det er mogleg å sjå kvifor endringar er gjort.

Vidare opplyste kommunen at dei ikkje hadde gjort ei konkret vurdering i dei tilfella der føretak var kome på feillista med varselmelding om «vanlig jordbruksproduksjon». I rundskriv 2014-30 pkt. 8 står det mellom anna at «*Varselmeldinger bør også følges opp av kommunen.*»

### Avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- Avvik 1: Kommunen har i nokre tilfelle endra/retta i søknader utan å føre opp oppårsaka til endringa i verken merknadsfeltet eller kommentarfeltet i WESPA.

### Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 2: Kommunen har ikkje følgt opp varslemeddingane om «vanleg jordbruksproduksjon» med å vurdere drifta i dei aktuelle føretaka.

## 6.3.2 Driftsfellesskap

### **Om regleverket**

Kommunen har ansvar for å kontrollere om det er så nært samarbeid mellom føretak at det er i strid med reglane om driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfelle der fleire føretak på same landbrukseigedom søker produksjonstilskot.

Risikoene for feilutbetaling av store beløp er høg dersom det ligg føre driftsfellesskap mellom to føretak som søker om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontrollar med denne delen av regleverket.

### **Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon**

På spørsmål om vurdering av eventuelle saker om driftsfellesskap svarte kommunen at de i år har gjort vurderingar jf. amnesti-ordninga. Etter at kommunen hadde informert var det opp til føretaka å vurdere om dei skulle krysse ja/nei for driftsfellesskap. Det var eit par føretak i Tysvær som hadde kryssa ja for driftsfellesskap. Kommunen var og kjent med at det var ein som dreiv med mink på fleire føretak. Kommunen var i kontakt med vedkomande og etter at kommunen hadde orientert om reglane for driftsfellesskap valde føretaka å krysse ja for driftsfellesskap. Det blei sendt brev til føretaka med orientering om driftsfellesskapsreglane.

Kommunen har også tidlegare vurdert driftsfellesskap. Det blei informert om ein sak der kommunen har vore på kontroll på bruket og har gått gjennom rekneskapen. Det blei konkludert med at det ikkje var driftsfellesskap. Kommunen opplyste også at dei har hatt ein sak for fleire år sidan der dei konkluderte med at det var driftsfellesskap.

Fylkesmannen la fram ei liste med 11 føretak der føretaka enten hadde kryssa ja for driftsfellesskap eller der det er andre indikasjonar på at det kan vere driftsfellesskap med andre. Når det gjeld føretak 7,8 og 9, så kan det vere grunnlag for kommunen å gjere ei nærmare vurdering av drifta i desse tre føretaka ut frå reglane om driftsfellesskap.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Når det gjeld driftsfellesskap, er kommunen merksam på problemstillinga og har gått inn og gjort konkrete vurderinger. Ut frå framlagt dokumentasjon meiner FM at det kan vere grunnlag for kommunen å sjå nærmere på drifta i tre føretak.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

### **6.3.3 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot - avkorting**

#### **Om regleverket**

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 12 og § 13 i PT-forskrifta, (§§ 11 og 12 i ny forskrift). Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på. Ei god oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkeren meir aktsam og for å førebyggje feilutbetalingar og regelverksbrot. Kommunen skal vurdere avkorting i alle saker der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett meirutbetaling av tilskot jf. pkt. 10.5.3 i rundskriv 2014-30. Brev med vurdering skal sendast til søker, med kopi til FM.

#### **Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon**

Kommunen sender brev til føretak og ber dei vere meir påpasselege når dei registrerer søknaden i dei tilfella der kommunen oppdagar feilføringar i søknaden. Når kommunen finn feil etter stadleg kontroll bruker dei merknadsfeltet og fører opp evt. avvik mellom søknadsdata og kontrolldata. Dei sender ikkje brev med førehandsvarsel dersom det er bagatellmessig og dei ikkje kjem til å avkorte i tilskotet.

Kommunen opplyste at dei ikkje har hatt saker der dei har avkorta i tilskotet pga. feilopplysningar. Dei har hatt saker der dei har avkorta pga. regelverksbrot som t.d. spreiing av husdyrgjødsel på frozen mark eller seinare på året enn det som er lov. Dei har og hatt ein sak der det er avkorta i tilskotet etter fjerning av steingard. I slike tilfelle skriv dei brev til bonden med førehandsvarsel.

Fylkesmannen la fram ei oversikt over totalt 12 føretak der det er gjort endringar i dyretal eller areal. Det blei spurt spesifikt kva vurderingar kommunen hadde gjort ved behandling av søknadene frå føretak 6, 8 og 10 i oversikta. Kommunen har ikkje avkorta eller vurdert avkorting i nokon av desse sakene.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Det er viktig at kommunen følgjer opp rundskriv frå Ldir. der det står at kommunen skal vurdere avkorting i alle tilfelle der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett utbetaling av meir tilskot enn føretaket har rett på jf. rundskriv 2014-30 pkt. 10.5.3. Denne vurderinga skal vere skriftleg med brev til søker og med kopi til Fylkesmannen jf. rundskriv 2014-30 pkt. 10.5.2.

### Avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- Avvik 2: Kommunen har ikkje vurdert avkorting i saker der kommunen har redusert dyretal eller areal etter kontroll.

### **6.3.3 Risikovurderingar ved utplukk til stadleg kontroll**

#### **Om regelverket**

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 6 i rundskriv 2014-30 Landbruksdirektoratet. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få utbetalt tilskot dei ikkje har rett på, og moglege konsekvensar av slike feilutbetalingar. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stadleg kontroll. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

#### **Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju**

Kommunen opplyser at dei har eit risikobasert utplukk for kontroll. Dei siste søknadsomgangane blei det prioritert å kontrollere føretak som ikkje var kontrollerte tidlegare eller det var lenge sidan sist kontroll, føretak der det var mistanke om lite spreieareal og føretak der det var usikkerheit om rett areal. Kommunen har ikkje nokon skriftlig risikovurdering for kvar søknadsomgang.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Fylkesmannen meiner at risikovurderinga som kommunen gjer går lite på ordningar og risikoder. Sannsyn og konsekvens må vurderast. Det bør gjerast ei risikovurdering for kvar søknadsomgang der det blir gjort ei risikovurdering av ulike ordningar. Denne bør vere skriftleg.

#### Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 3: Kommunen har ikkje utarbeidd skriftlege risikovurderingar for utplukk til stadleg kontroll for kvar søknadsomgang.

### **6.3.4 Spreieareal**

#### **Om regelverket**

Produsentar med husdyr skal ha tilstrekkeleg disponibelt areal for spreiling av husdyrgjødsel, jf. § 24 i forskrift om organisk gjødsel. Jf. §22 skal bruk av gjødselvarer inngå i gjødslingsplan jf. forskrift om gjødslingsplanlegging.

Det er kommunen som skal føre tilsyn med at kravet til spreieareal og spreietidspunkt blir etterlevd, jf. § 29 i same forskrift. Kommunen kan dispensere frå desse krava, jf. § 31 i forskrifta. Ved manglende spreieareal, får føretaket ein reduksjon i utbetaling av produksjonstilskot, jf. teknisk jordbruksavtale 2014-2015, kap. 7.1.1. For å sikre at føretaka held seg innanfor regelverket om spreieareal og spreietidspunkt, er det viktig med god og målretta kontroll frå kommunen si side.

### **Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju**

Kommunen sjekkar ved kontroll at føretak med svin og fjørfe har nok spreieareal. Ved nybygg for svin og fjørfe blir gjødsellagerkapasitet sjekka. Kommunen har rutinar for å følgje opp saker der det er ulovleg spreiling av husdyrgjødsel. Dei reiser ut og kontrollerer, skriv brev og ber om forklaring.

Føretak som har for lite spreieareal må dokumentere sal av husdyrgjødsel/leige av spreieareal. Kommunen har ikkje reagert med avkorting i PT der føretak har hatt for lite spreieareal, føretaka har berre fått standard trekk. Kommunen krev ikkje å få sjå skriftlege avtalar i dei tilfella føretaka ikkje har nok areal ut frå dyretalet.

Fylkesmannen la fram liste som viser føretak som har disponerer for lite areal ut frå dyretalet gitt opp i søknaden. Av desse blei det stil spørsmål om fire føretak. Føretak 1 har opplyst at dei har nok spreieareal, men kommunen har ikkje fått sjå avtalar. Føretak 2 har mykje leigearreal slik at det blir nok spreieareal. Kommunen opplyste at føretak 3 har hatt ulovleg spreiling av husdyrgjødsel.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Fylkesmannen meiner at kommunen bør krevje skriftlege avtalar om leige av spreieareal frå dei som ikkje disponerer nok areal ut frå det dyretalet dei til ei kvar tid har. Jf. forskrift om organisk gjødsel står det i § 24 at «*For leid areal, ved avtale om spredning på landbrukseiendommer i nærheten og ved salg av husdyrgjødsel, må det normalt foreligge skriftlig avtale av minst 5 års varighet.*»

Det er viktig at kommunen reagerer i dei tilfella der føretak ikkje har nok spreieareal. I dei tilfella der føretaket har kryssa av at dei har gjødselplan, men der det ved kontroll blir avdekkja at dei ikkje har nok spreieareal, så skal ein i tillegg til standard trekk også vurdere avkorte i tilskotet pga. feilopplysningar.

### **Avvik:**

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- Avvik 3: Kommunen har berre brukt standard trekk for føretak som ikkje har nok spreieareal, i slike tilfelle skal det og vurderast avkorting etter reglane for feilopplysning.

### Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 4: Kommunen bør krevje skriftlege avtaler for spreieareal i dei tilfella der føretaka ikkje disponerer nok areal ut frå dyretalet.

### **6.3.5 Tilskot til dyr på beite**

#### **Om regelverket**

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting, jf. teknisk jordbruksavtale for 2014-2015, punkt 7.7. Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og at beiting skjer på område med tilfredstilande beitemoglegheiter. Det er krav om at minst 50 % av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting.

#### **Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju**

Kommunen kjenner til areal og dyretal til føretaka og har aldri hatt grunn til å tvile på at dei har rett på beitetilskot til dei dyra som er ført opp i søknaden. Kommunen gjer ingen vurderingar av om arealet er stort nok til at minst 50 % av det daglege grovfôropptaket kan skje ved beiting. Kommunen har ikkje vurdert om dyra har vore lenge nok på beite til å tilfredsstilla kravet om minst 12 veker på beite evt. minst 5 veker på utmarksbeite. Kommunen ber heller ikkje om å få sjå beitejournal ved kontroll.

Fylkesmannen la fram liste som viste døme på 14 føretak som hadde søkt om tilskot til dyr på utmarksbeite. Av desse spurte Fylkesmannen nærmere om føretak 1, 2 ,3 og 5 som alle hadde ført opp alle mjølkekyrne på utmarksbeite.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Etter Fylkesmannens vurdering er det sjeldan at utmarksbeite gir godt nok grovfôr til mjølkekryr i full laktasjon. Her burde kommunen gjort ei vurdering før alle mjølkekryrne blei godkjent for beitetilskot.

Fylkesmannen meiner at kommunen bør vurdere tal dyr oppført på beite opp mot tilgjengeleg beiteareal, jf. rundskriv 2014-16 kap. 5.4.5. Dette bør gjerast i dei tilfella der det er lite beiteareal sett i høve til tal dyr på beite. Ved stadleg kontroll bør kommunen be om å få sjå beitejournal som ein dokumentasjon på at dyra har vore på beite den tida som er kravet for å få beitetilskot.

### Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- Merknad 5: Kommunen har i nokre tilfelle ikkje gjort ei grundig nok vurdering når dei har godkjent mjølkekryr i full laktasjon på utmarksbeite.
- Merknad 6: Kommunen bør vurdere om tal dyr på beite er realistisk ut frå tilgjengeleg beiteareal.
- Merknad 7: Kommunen bør vurdere om dyra har vore lenge nok på beite til å tilfredsstille kravet om beitetid og bør be om å få sjå beitejournal ved kontrollar.

## 7. Oppfølging etter kontrollen

Tysvær kommune må innan 26.10.2015 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir synt til i merknadane.

## 8. Vedlegg

### Oversikt over dokumentasjon som blei brukt under kontrollen

<b>Tema 1</b> <b>Tilskot til avløysing ved sjukdom mv.</b>	- Søknader som kommunen har behandla i 2012, 2013 og 2014, av desse plukka FM ut 10 søknader for å kontrollere om alle krav til dokumentasjon var oppfylt
<b>Tema 2</b> <b>Produksjonstilskot</b>	
- Rutinar for behandling av innkomne søknader og retting av feil i søknadsdata	- <b>Liste nr. 1</b> 12 søknader der det var avvik mellom tal som søkeren har ført opp og det kommunen har ført opp og godkjent - <b>Liste nr. 2</b> Feilliste med 16 stoppa søknader frå søknadsomgangane 31.07.2014 og 01.01.2015
- Driftsfellesskap	- <b>Liste nr. 3</b> Oversikt over 11 føretak der føretaka enten har kryssa ja for driftsfellesskap eller det var andre indikasjoner på driftsfellesskap t.d. to føretak på same gnr/bnr.
- Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot - avkorting	- <b>Liste nr. 1</b> Oversikt over 12 føretak der det er avvik mellom søknadsdata og kontrolldata/kommunedata
- Spreieareal	- <b>Liste nr. 5</b> Oversikt over føretak med berekning av tal GDE og jordbruksareal
- Tilskot til dyr på beite	- <b>Liste nr. 6</b> Oversikt over føretak med mjølkekyr på utmarksbeite og føretak som har ført alle sauene på utmarksbeite